

**Fra:** Einar Aase  
**Sendt:** torsdag 9. desember 2021 15:35  
**Til:** Melingen, Kjell Rune  
**Emne:** Svar på spørsmål i byggesak på gbnr 40/112

Hei,

Viser til e-post i byggesak 21/5662 på gbnr. 40/112.

Kommunen har sak til handsaming. Sakshandsaminga bygger på informasjon vi har motteke av deg som ansvarleg søkjar, og innhenta uttale frå Statsforvaltar, som du òg har motteke. Det er på dette grunnlaget vi vurderer om vi vil godkjenne eller avslå slike tiltak gjennom dispensasjon.

For spørsmål knytt til punkt 3 kan vi ta ei vurdering av om endring av front på grunn og kai vil vere søknadspliktig, og om det eventuelt vil krevje dispensasjon. For at vi skal gjere dette må du sende inn oppdaterte teikningar av grunn og kai som syner korleis tiltak vil sjå ut. Deretter kan vi vurdere endring av fasaden sett mot løyvet du fekk i 2020.

Eventuell utviding av front på grunn og kai frå opprinneleg vedtak vil krevje søknad og dispensasjon, slik som du no har sendt inn.

Gje gjerne ei tilbakemelding på om du vil sende inn oppdaterte teikningar for vurdering. Ber om at slike teikningar som syner front av grunn og kai blir innsendt innan tysdag 14.12.2021. Ber om tilbakemelding dersom du eventuelt treng lenger tid. Dersom dette er tilfellet vil vi fryse sakshandsamingsfrist i byggesaka medan vi ventar på slik dokumentasjon.

Dersom du ynskjer å trekke søknad i sin heilskap må eg ha skriftleg tilbakemelding om dette snarast, som vi diskuterte på telefon. Elles vil sak bli tatt til handsaming ut frå informasjon som ligg føre.

Vennleg helsing

**Einar Aase** | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

